Velkomen til T3-dag UNDRETUR i Bolstadøyri bedehus

Sundag 29. november
Gudsteneste for alle kl. 11:00
Undretur kl. 12:15

Kjære 3- åringsheim!
De har no eit barn i huset, fødd i 2023, og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 3-åringen er de no invitert til T3 -dag.
Sundag 29. november er 1. sundag i advent.
Då håpar me de vil koma til Bolstadøyri bedehus og verte litt betre kjende med dette store, rare huset.
Borna skal få gå rundt, sjå på og ta på, og oppleva bedehuset vårt. Me kallar det ein undretur.
Det er også T-dag for 4- og 5- åringane denne dagen.



Kl.11:00- Gudsteneste for alle, der 3-åringane får utdelt eit bilete av "kyrkja mi" og ei klistremerkebok.
Kl. Ca. 11:45- 12:15- Kyrkjekaffi/-saft
Kl. Ca. 12:15- 13:00- Undretur i bedehuset.

STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Barnet kan koma på undreturen saman med ein eller fleire vaksne. Det kan vera foreldre, besteforeldre, fadder, tante, onkel...

Gje beskjed:
- om barnet treng særskild tilrettelegging
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett eller brosjyre.



Eg er trygg hjå deg
Eg får be til deg
eg får lovsyngja ditt navn.
Du har tid for meg når eg søkjer deg,
min Herre min Gud.

Påmelding innan torsdag 26. november
på www.voss.kyrkja.no eller bruk QR-koden.
I skjemaet gjev de oss opplysningar me treng.

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.
Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.
I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss
Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,
Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no